

Fra: aud karin oen (audkarino@hotmail.com)

Sendt: 27.09.2018 13:47:35

Til: Folkevalde

Kopi: Fylkesordfører

Emne: Interpellasjon til fylkestinget

Vedlegg:

Fylkesordførarar, eg vil syna til Hordaland fylkeskommunen sitt høyringssvar og andre høyringsinnspel til kommunedelplanen for prosjektet Ådland-Svegatjørn meir kjent som «Hordfast». Fleire av innspela i denne høyringsrunden peika mellom anna på utfordringar knytt til miljø, kulturminnevern, tilførselsvegar, kollektivløysingar og bompengebelastninga. I ettertid vart mange av høyringsinnspela omtala som viktige og gode, men svært kostnadsdrivande for prosjektet. No hevdar statens vegvesen at dei har klart å redusera kostnadane for prosjektet med fleire milliardar kroner. Det er også sagt at kommunedelplanen vil vera klar for oversending og godkjenning i departementet i løpet av oktober.

Spørsmålet mitt er om SVV har komen med tilsvar på kva løysingar dei har på dei utfordringane som vart synleggjort i høyringsrunden, og kva fylkeskommunen kan gjera dersom desse løysingane ikkje ivaretek dei krava me har fremja i høyringsrunden?

Beste helsing

Aud Karin Oen

Tlf 92225195